

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	10.02.2023
Vår referanse	2022/25120-3
Dykkar referanse	22/95157
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - Begrensa høyring av justert planforslag - detaljregulering - Framo AS - Flatøy AS - gnr 1 bnr 57 m.fl - planId 125620180004 - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.01.2023 med varsel om begrensa høyring for justert planforslag for detaljreguleringsplan for Framo Flatøy AS med planID 125620180004.

Det er bede om å avgrense ein eventuell merknad/uttale til dei konkrete endringane, då merknadar og uttalar som er innkomme tidlegare framleis vil følgje saka til politisk handsaming.

Uttale

Det vert vist til at SVV har motsegn knytt til vegkryss inn til Framo og eit nytt administrasjonsbygg som kom i konflikt med ny plan for E39 over Flatøy som er i prosess, og at vi har hatt motsegn til utforming av og rekkefølgekrav knytt til veganlegget.

Det vert lagt fram følgjande endringar for å løyse motsegna:

- *Tilkomst til Framo AS er løyst ved å utbetre eksisterande avkøyrsløp (vedlegg C001). Nytt administrasjonsbygg skal etablerast lenger inne i planområdet slik at behovet for gjesteparkering fell vekk.*
- *Nye fortau (SF1 og 2) til/frå industriområdet er regulert inn for å sikre gåande frå Framo og Hjelten ved SV3. Det er vidare stilt rekkefølgekrav til opparbeiding av tilkomstveg f_SV1, dette skal også gjelde for nemnte fortau.*

Vi har gått gjennom endringane som er lagt fram i den begrensa høyringa. Vi meiner planframlegget som er lagt fram for begrensa høyring viser ei betre kryssutforming mellom f_SV6 og o_SKV.

Men vi meiner at fortau f_SF2 bør trekkast noko meir tilbake mot SV3 for å ikkje leie dei mjuke trafikantane ut i o_SKV eller at dei kryssar i avkøyrspunktet mellom vegane.

Vi gjer merksam på at formelt brev om trekking av motsegn må sendast til oss. Deretter må de ha motteke formell trekking av motsegn frå oss som vegmynde før planen kan gå vidare til politisk handsaming.

Med helsing

Mats Korneliussen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift